

From: Siri Wølneberg Bøthun <siri@sbnatur.no>
Sent: fredag 7. januar 2022 13.15
To: NVE
Cc: arnej-ha@online.no; Mjelstad, Hermund; sundegunnvor@gmail.com; liv.loken@hotmail.no; Jan-Ove Flaten (janoveflaten@icloud.com)
Subject: ref. 202100045-35, utsetting av byggjeplikt for småkraftverk, Ervikselva kraftverk
Attachments: Temakart_Sunnfjord.jpg

Vedr. høyring om utsett byggjefrist for Ervikselva kraftverk

Eg syner til brev datert 3.12.2021, ref. 202100045-35, der det vert invitert til uttale ang. søknad om utsett byggjefrist av eit småkraftverk i Sunnfjord.

Kraftverket skal ha inntak ved utløpet til Øygardsvatnet, i underkant av 200 moh, og utløpet frå kraftverket går ut i Førdefjorden.

Denne konsesjonssaka var ikkje kjend for villreinnemnda. Ser ved å gå inn på saka at nemnda ikkje er oppført som mottakar av høyringa, som fann stad i 2014, noko som var oppklarande.

Utbygginga ligg utanfor villreinområdet i sin heilskap. Inntaket ligg likevel så nære leveområdet til villrein i Sunnfjord villreinområde at støyande aktivitet og evt. helikopteraktivitet vil påverke dyr som evt. held seg i denne delen av området. Ein bør difor ta omsyn under byggefasen, og påsjå at det ikkje står flokkar i åsen aust for inntaket, dvs. Kamben m.m.

Eg legg ved eit kart som syner ei grovkartlegging av villreinen sin områdebruk og dessutan yttergrensa for teljande areal for villreinjakt. Til orientering vil Sunnfjord villreinområde verte nøyare kartlagd i løpet av 2022.

Eg opplyser elles at villreinnemnda sitt sekretariat får ny adresse, informasjon om dette vert send i eigen sending om kort tid.

Venleg helsing
Siri Wølneberg Bøthun
På vegene av Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Sogn Naturforvalting AS

Fresvikvegen 995
6896 Fresvik
post@sbnatur.no
tlf. 97514784